



Båtvert Leon Gundersen i Uskedal Båtlag har all grunn til å smila. Bak han er den siste og svært vellukka utvidinga av båthamna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Båthamnane i Uskedalen kan ikkje konkurrera med Noregsvinnaren Husnes i talet på gjestebåtar, men ligg ikkje langt etter: Natt til søndag var det 73 båtar utanfrå "parkert" her, medan Husnes-rekorden er 125.

Det er både båtvert Leon Gundersen i Uskedal Båtlag og hamnesjef Egil Høgemark i Øyro Marina særst tilfredse med.

- Når hamna er full kan vi ikkje gjera stort meir, seier Gundersen.

Reknar ein tre i kvar båt, tyder det at over 200 kom sjøvegen til Uskedalen denne helga.

Sommarens rekord er 42 gjestebåtar og det har vi hatt to gonger, natt til forrige søndag og natt til sist onsdag. Og då har vi ikkje plass til fleire, fortel Gundersen til Uskedalen.no. Natt til søndag var talet 38.

I tillegg kom sju som låg ved Sandakaien og 28 på Øyro Marina. Dermed var den sistnemnde hamna heilt full. Utvidinga av båtlaghamna i vår har vore ein suksess, dei 26 plassane der har og vore fylte fleire gonger.

- Men aller mest imponert er eg over at alt har gått så roleg føre seg. Folk sit og kosar seg i den fine sommarkvelden utan å skeie ut på noko vis, seier Høgemark.

- Men noko er det vel som saknast i servicetilbodet, Gundersen?

- Du tenkjer på serverings-tilbodet? Jau vi saknar sjølvstekt vertshuset. 80 prosent av dei som kjem spør etter ein stad å eta middag, men må skuffa dei.

Ein får inderleg håpa at det snart blir ei løysing på dette problemet, seier Leon Gundersen og Egil Høgemark sluttar seg til han.

Av Ola Matti Mathisen